

Minneord om Rachel Bjørnstad Bohlin (1948 - 2021)



I meir enn to tiår var Sogn og Fjordaneringen ein vesentleg del i Rachel sitt liv. Med stor tyngde kan vi også slå fast at Rachel i denne tida var ein vesentleg del i livskrafta til ringen.

Mitt første møte med Rachel var hausten 1973. Rachel var instruktør på nybegynnarkurs i ringen, eg var elev.

Sjølv om ho også tok på seg instruktørroppgåver i ringen, var det først og fremst som organisator Rachel utmerka seg. Her var ho sers dyktig og effektiv. I fleire år hadde eg glede av å samarbeide med Rachel i styret. Det var ei fin tid. Styremøta var eit kapittel for seg. Møta var hyppige (trur det var kvar 14. dag), og alltid hos Rachel i Betzy Kjelsbergs vei. Det vart gjerne langt på natt før vi avslutta. Det viser kor sterkt det sosiale felleskapet stod.

Betzy Kjelsbergs vei var ofte også sosial samlingsstad etter danseframsyningar eller andre arrangement. Rachel hadde alltid ope hus.

Andre meir personlege minne frå Betzy Kjelsbergs vei var når Astrid Gjørven var barnevakt hos Rachel, og eg var med som selskap for Astrid. Då kosar vi oss med pizza og kortspel (mykje vri-åttar) til Rachel kom tilbake ut på natta.

Effektiviteten til Rachel kan kort oppsummerast slik: På styremøta vart oppgåver fordelte. Neste morgen ringte Rachel meg. Då var hennar oppgåver utførte.

Som dyktig organisator var det omrent sjølvsagt at Rachel skulle ta på seg leiarrolla i ringen. Denne rolla hadde ho i fire år. Fire år med stor oppslutnad og masse aktivitet i ringen.

Rachel var pådrivar for å skaffe framsyningar, som det var mange av (over 100 kvart år på det meste) på 70-80 talet. Deretter tok Rachel på seg det store logistikkarbeidet det var å skaffe dansarar til alle framsyningane. Det meste av denne aktiviteten gjekk føre seg i ferietida om sommaren. Det gjorde sjølvsagt logistikken ekstra utfordrande. Framsyningar var viktig for å skaffe inntekter til drift av ringen, men kanskje like viktig var det sosiale felleskapet som følgde med.

Rachel var også pådrivar og organisator for mange danseoppdrag i utlandet, der dansefestivalen i Babylon, Irak var blant dei mest spesielle.

For at turane skulle bli rimelege for dansarane, fekk Rachel gjort dognadsavtale med trykkeriet der ho arbeidde. Dugnadane bestod typisk i å legge reklameinnlegg inn i vekeblad. Dette var viktige bidrag i ringen si reisekasse.

Rachel hadde svært god kontakt med vennskapsringen Norbergs Folkdansgille i Sverige. Derfor var ho i mange år sentral i dette samarbeidet. Vi er mange som ser tilbake på dei minnerike turane til Norberg med stor glede.

Som miljøskapar var Rachel eit funn. Øvingskveldane i ringen var naturlegvis viktige møteplassar, men Rachel var opptatt av sosiale møteplassar også utanom øvingskveldane. Her står hytteturane til lagshyttene sentralt. Rachel tok initiativet til mange av desse turane.

Også etter at Rachel slutta som aktiv folkedansar, hadde ho kontakt med ringen med sporadiske besøk, som på jule- og sommaravslutning. I alle desse åra støtta ho arbeidet i ringen med medlemskap.

Siste gongen eg møtte Rachel var hausten 2019 på Riksscena. Ho var då svekka av kreftsjukdomen. Etter konserten ville Rachel ta trikken til bussterminalen for så å ta bussen heim til Lørenskog. Eg føreslo at vi kunne spasere til bussen og tilbaud armen min som støtte. Slik spaserte vi arm i arm gjennom Oslos gater ein tidleg nattetime. Ved bussen gav vi kvarandre ein god klem. Det skulle bli den siste.

Rachel vart gravlagt frå Lørenskog kirke 3. september. Ho vart 73 år. Fleire av medlemane i Sogn og Fjordaneringen følgde Rachel til siste kvilestaden.

Minna etter Rachel er mange, fine og glade.

Dagfinn Aa